

Fra: Halgeir Brekke
Til: Firmapost-Vest
Kopi: marta.myhr.brekke@gmail.com; olve.brekke@gmail.com
Emne: Merknader til "Varsel om oppstart. Detaljregulering E39 Vikane - Eikangervåg"
Dato: 26. juni 2018 11:28:03

Eg syner til "Varsel om oppstart. Detaljregulering E39 Vikane – Eikangervåg" og til folkemøte om planarbeidet 22. mai 2018 på Eikanger skule (der to av eigarane var til stades).

Bakgrunn/Eigarforhold

-
Desse *merknadane/andre opplysningar* til planarbeidet kjem frå eigarane av Osterfjordvegen 1151, gnr./bnr. 214/92.

Eigedomen har fire eigarar:

Marta Myhr Brekke og Eivind Brekke, Kipervegen 1, 6783 STRYN
Olve Brekke, Odvar Solbergs vei 100, 0973 OSLO
Halgeir Brekke, Loftsgardsgrendi 21, 3840 SELJORD

Marta og Eivind er foreldra til Olve og Halgeir.

Hytta er oppført i 1962 av Herdis og Johan Schiong. Herdis var søskenbarnet til Marta (ein av dei noverande eigarane).

Noverande eigarar kjøpte hytta av Schiong i 1988.

Merknader

Hytta har alltid hatt same parkeringsplass/avkøyrslø som i dag frå noverande E39, dvs. i snart 60 år.

Vi legg då til grunn at Statens vegvesen legg til rette for at hytta får avkøyrslø/parkering lik, eller tilsvarande, som i dag.

Vi meiner òg at veg og gang- og sykkelveg ikkje må trekkjast nærare sjøen enn dagens veg. Dette for å spare det smale arealet mellom noverande E39 og ned mot sjø og strandsone og for at vi som naboar ikkje skal få trafikken (støyen) nærare oss enn han er i dag.

Med helsing
For eigarane
Halgeir Brekke
Loftsgardsgrendi 21
3840 SELJORD